



Det er ikkje ratt få dugnadstimar ein har brukt for å tetta taket på Helgheim. (Foto: Thor Inge Døssland)

Det har i ein lengre periode pågått eit større restaureringsarbeid på Helgheim. Særleg har det vore gjort mykje arbeid på tilbygget, byggesteg 1, opp mot Skårhaug. Årsaka til at arbeidet må gjerast, er at det har vore lekkasje i taket på denne delen av bygget.

- Lekkasjen er ikkje nett av nyare dato. Alt i Russerevynen i 1992, hørde vi ei vise om at Uskedalen hadde " julagran og eit ungdomsshus som lek", -fortel Audun Eik som er medlem av husastynet for Helgheim. Han fortel vidare at arbeidet vart større enn dei først rekna med.

- Vi måtte ta av taket, som var av lappheller, fjerna lekter og rekker på grunn av råteskader. Det måtte og leggjast ny papp før oppbyggingsarbeidet kunne starta. No er vi ferdig med mesteparten av taket, men ein liten del som står att, skal takast i næraste framtid. Heldigvis held det tett det som vi har gjort til no. Det har vi jo fått testa skikkeleg dei siste vekene.-

Dugnadsgeneralen fortel vidare at dei har vore heldige som har hatt med seg Godtfred Bakke, han har teke seg av det faglege ansvaret. Elles har desse teke del i dugnadsarbeidet i tillegg til Audun: Kjartan Steinsletten, Gunnar Myklebust, Kåre K. Rød, Bjørgulv Eik, Edvin Kjærland, Bjørn Egil Haugland, Tom Haugland og Johan Sunde.

- Som sagt, så vart det ein stor jobb. Vi har hatt 8 – 10 dugnader, nokre på kveldstid, men dei langt fleste på dagtid, - seier Audun vidare, før han legg til, - ein del av dugnadsgjengen har lagt ned eit betydeleg antal timar, ja.

- Ja, på ein skikkeleg ungdomslagsdugnad, skulle det vel høyra med god dugnadskost. Korleis har det vore med det? – undrast vi.

- Jau, det høyrer med. Kjøkkenet har sjølv sagt vore i bruk, og både Magni Tråvik, Rigmor Rasmussen og Margit Eik har sytt for at vi har hatt godt stell i så måte. Enkelte gonger har vi og kjøpt mat frå Sanden. – Det er tydeleg at maten og den sosiale sida er ein viktig del av dugnaden.

Vi spør om det er andre ting som har blitt gjort med det ærverdige ungdomshuset.

- Ja, vi har gjort ein del etter pålegg frå branntilsynet. Det har blitt utarbeidd brannvernsplan, og m.a. er rømningsveier og naudutgangar skilta og merka. Også dette var arbeid som tok ein del tid. Her hadde eg god hjelp av Morten A. Eik og Sheila Olivera Eik.-

Audun fortel også at det er kjøpt inn ein god del til det elektriske anlegget. M.a. skal inntaket leggjast om og fornyast. Johan Sunde, Thomas Eide og Bjørn Bringedal har lova å organisera og ta seg av dette arbeidet.

Og det sluttar ikkje med dette; han fortel og at alle vindaugo i salen oppe skal skiftast ut. Dermed vil det vera nye glas i heile huset.

Og ikkje nok med det: - Huset er svært målingsslite så det må måledugnad til, til våren, - avsluttar Audun som sjølv har lagt ned eit imponerande antal dugnadstimar til beste for bygda gjennom åra.



Audun Eik er ein av pådrivarane for å få Helgheim i betre stand. (Foto: Thor Inge Døsland)

- Vi er kjempeglade for den jobben som dugnadsgjengen gjer for at huset skal verta i god stand, - seier Magni Tråvik, mangeårig styremedlem i ungdomslaget. - Dette er eit hus som betyr mykje for meg personleg, og også for mange andre uskedelingar. Det er eit hus med masse kultur, eit hus som rommar mykje historie. Det er mange som har minner og referansar knytt til dette huset. Derfor er det også viktig at det vert teke vare på! Magni fortel også at ungdomslagsarbeidet no er nede i ein bølgedal. Det er få aktive og tungt å driva. Dei har faste barnediskotek. Bingoen er godt besøkt kvar onsdag. Pensjonistfest vert det heilt sikkert til våren, og det er håp om at det vert både basar og swingkurs i løpet av vinteren.

Vi let oss imponera over dei som står på for laget i tunge tider år etter år. Vi deler håpet om at det også etter denne bølgedalen kjem ein ny topp!

Av Thor Inge Døsland



Helgheim, slik vi ser det når vi kjører forbi (Foto: Thor Inge Døsland).